

# Notat

Går til: Styremedlemmer  
 Føretak: Helse Vest RHF  
 Dato: 17.06.2011  
 Frå: **Administrerende direktør**  
 Saka gjeld: **Omstillingsutfordring Helse Førde**

**Førebels inntektsfordeling 2012 og resultatkrav 2012**  
**Styresak 073/11 B – Vedlegg 1**

**Styremøte 22.06. 2011**

Dette notatet er utarbeida for å klargjere dei ulike tal som er presentert på omstillingsutfordringa til Helse Førde. Helse Vest har i styresak 73/11 B Førebels inntektsfordeling 2012 og resultatkrav 2012 skissert eit mulig resultat i Helse Førde på minus kr 30 mill etter at omstillingstiltaka er justert for vedtak i Helse Vest sitt styre samt vedtak i føretaksmøte. Helse Førde har overfor sitt styre skissert eit redusert omstillingspotensiale på kr 90 mill og eit resultatpotensiale på minus kr 60 mill basert på ein ny gjennomgang av omstillingspakka som er gjort av deira konsulent i PWC.

|                                                     |              |
|-----------------------------------------------------|--------------|
| Opphavleg innsparingspotensiale                     | kr 143 mill  |
| Finansposter                                        | - kr 14 mill |
| Nytt innsparingspotensiale                          | - kr 33 mill |
| Innsparingar ein har klart å realisere frå modell 1 | - kr 6 mill  |
| Redusert innsparingspotensiale                      | kr 90 mill   |

Basert på desse berekningane meiner Helse Førde no at resultatpotensialet er som følgjer:

|                                        |                                             |
|----------------------------------------|---------------------------------------------|
| Resultat i 2009                        | - kr 101 mill                               |
| Justert for nytt innsparingspotensiale | <u>kr 39 mill</u>                           |
| Nytt resultatpotensiale                | <u>- kr 62 mill Runda av til kr 60 mill</u> |

I forhold det resultatpotensialet som er skissert i sak 73/11 B til styret i Helse Vest er det her ein forskjell på om lag kr 30 mill. Forskjellen består i hovudsak av følgjande element:

|                                                        |                   |
|--------------------------------------------------------|-------------------|
| Finanskostnader som tidlegare ikkje er tatt med        | kr 14 mill        |
| Omstillingstiltak ein ikkje klarer å få full effekt av | <u>kr 16 mill</u> |
| Sum                                                    | <u>kr 30 mill</u> |

I utrekninga av resultatpotensialet ligg det og inne kostnader knytt til rusposten ved Eid med kr 20 mill Finansiering av rusposten er eit forhold som Helse Vest må få komme tilbake til på eit seinare tidspunkt. Justert for dette blir resultatpotensialet følgjande:

|                                    |                     |
|------------------------------------|---------------------|
| Resultatpotensiale                 | - kr 60 mill        |
| Rusposten ved Eid                  | <u>kr 20 mill</u>   |
| Resultatpotensiale justert for rus | <u>- kr 40 mill</u> |

Forskjellen i resultatpotensialet utgjør då kr 10 mill. I dette talet ligg det inne finanskostnader på kr 14 mill som Helse Vest ikkje kan dekke utan at det og ville fått konsekvensar for dei andre helseføretaka. Når ein tar omsyn til dette er det faktisk ikkje ein negativ forskjell lenger mellom Helse Vest og Helse Førde sine berekningar, men ein positiv forskjell på kr 4 mill.

### Oppsummert

I Helse Vest si styresak 077/11 B er det skissert eit resultatpotensiale på minus kr 30 mill. Dette talet kjem fram etter følgjande vedtak i styremøte og føretaksmøte:

|                                                                  |              |
|------------------------------------------------------------------|--------------|
| Resultatpotensiale ved full implementering modell 1              | kr 42 mill   |
| Resultatpotensiale justert for vedtak i Helse Førde sitt styre   | kr 29 mill   |
| Resultatpotensiale justert for vedtak i Helse Vest sitt styre    | kr 2 mill    |
| Resultatpotensiale justert for vedtak i føretaksmøtet/regjeringa | - kr 30 mill |

Når det gjeld finansiering av rusposten ved Eid er dette eit forhold som Helse Vest må få komme tilbake til på eit seinare tidspunkt.

I førebels inntektsfordeling er det lagt inn eit skjønnskott på kr 30 mill og eit negativt resultatkrav på kr 40 mill. Helse Vest har då tatt omsyn til at det kan ta tid å få effekt av omstillingstiltaka. Ein kan derfor ikkje sjå at det i inntektsfordelinga for 2012 er forhold som bidrar til å auke omstillingsutfordringa i Helse Førde.

Administrasjonen vil i årsskiftet 2011/2012 starte eit arbeid med å sjå på inntektsfordelingsmodellen på ny med tanke på inntektsfordelinga for 2013. I denne gjennomgangen må ein vurdere føresetnaden for helseføretaket til å klare balanse.